

**Til stades:** Per Øyvind Tveiten - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Hilde Reitan, Olav I. Mjelva, Tove Leinslie

Gro Marie Svidal – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes, dagleg leiar, Ingrid Stuhaug – tillitsvald, Marit Vestrum under sakene 64-66

**Tid:** 23.november kl.10.00-17:00, middag kl .18:00

24.november kl. 09:00- 16:00

**Stad:** Schous 5.etasje

Møtet starta med eit tretimers kurs i styrearbeid i regi av Morten Johansen, Frivillighet Norge.

## Referat

Styresak 2015/61 Innkalling og sakliste

Styresak 2015/62 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskapsrapport per 31.10.2015 med merknadar
- b) Driftsrapport per 15.november 2015
- c) Eventuelt

Styresak 2015/63 Plan for arbeidet i styret i FolkOrg

Styresak 2015/64 Retningsliner for bruk av TONO-avtalen til FolkOrg

Styresak 2015/65 Frifond organisasjon - fordeling

Styresak 2015/66 Kriterium for utnemning av årets lokallag 2016

Styresak 2015/67 Rapport og evaluering av Folkelarm 2015

Styresak 2015/68 Evaluering av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015 (utsett frå sist møte)

Styresak 2015/69 Revidering av tevlingsreglement

- Styresak 2015/70 Rangering av resultat på LK og LF
- Styresak 2015/71 Felles poengskala på kappleikar og Landsfestivalen
- Styresak 2015/72 Landsfestivalen 2016 – godkjenning av prisar, budsjett og program
- Styresak 2015/73 Landskappleiken 2016 – godkjenning av prisar, budsjett og program
- Styresak 2015/74 Landsfestivalen i gammaldansmusikk er 30 år i 2016 – på kva måte markerar vi det?
- Styresak 2015/75 Val av lokale arrangørar av LF og LK 2017 og 2018
- Styresak 2015/76 Patent på namna FolkOrg, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk – NM i gammaldansmusikk
- Styresak 2015/77 Møtekalender for styret våren 2016
- Styresak 2015/78 Oppnemning av jury medlemmer til val av showcaser på Folkelarm
- Styresak 2015/79 Eventuelt

**Styresak 2015/61 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

**Styresak 2015/62 Orienterings-, drøfting- og referatsaker**

- a) **Rekneskapsrapport per 31.10.2015 med merknadar**
- b) **Driftsrapport per 15.november 2015**
  - a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
    - i. Diverse rådgeving til lokallag, arrangørar og studentar
    - ii. Møte med Noregs Ungdomslag om eit mogleg ungdomsmøte om folkedans.
    - iii. Arbeid med praksis kring bruk av TONO-avtala til FolkOrg
    - iv. Evaluering av "Frifond kompetanse og aktivitet"
    - v. Arbeid med festivalundersøkinga 2015
    - vi. Planlegging av vervekampanje med Svorka
    - vii. Utrulling av medlemssystemet Styrweb til nær alle lag i FolkOrg. Vi held fram med arbeidet for å få alle til å ta det i bruk.
  - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
    - i. Planlegging og sakshandsaming – årets lokallag 2016
    - ii. Arrangert dommarseminar i dans og spel.
    - iii. Delteke på Høgskulen i Telemark/Telemarkforskning sin kulturkonferanse: Kulturrikets tilstand 2015.
    - iv. Vore på seminar om Frivillige organisasjonar som arbeidsgjevar.
    - v. Vore på møte hjå hovudnemnda i Gaupne.
    - vi. Ferdigstilt arrangørhandbøkene.
    - vii. Skrive rapportar til Furestiftelsen og Slottet om Landskappleiken 2015.
    - viii. Hatt møte på Voss om instrumentutstillinga.
    - ix. Diverse rådgeving.
  - c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
    - i. Promotering av norsk folkemusikk på bransjetreffet Womex.
    - ii. Nyhendebrev til lokallag
    - iii. Folkemusikk nr 4/2015 er eit spesialnummer om folkemusikk- og folkedansbindingane mellom Noreg og Amerika, i hovudsak om menneske og miljø i USA som spelar norsk folkemusikk og dansar norsk folkedans. Arbeidet med utgåva har vore særskild arbeidskrevjande
    - iv. Vi planlegg ei julegåvekampanje for Folkemusikk i desember.
  - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering

- i. Vi har delteke på budsjett høyringar på Stortinget, både i Familie- og kulturkomiteen, og i Utanriks- og forsvarskomiteen. Vi har levert skriftlege innspel til begge i tillegg.
- ii. Vi har levert innspel til SVs kulturpolitikk.
- iii. Vi har levert innspel til *NOU 2015:08 Fremtidens skole* saman med Noregs Ungdomslag og Norsk senter for folkemusikk og folkedans.
- iv. Vi var til stades på Årskonferansen i folkemusikk og folkedans og RFF sitt representantskapsmøte i Trondheim. Tema for konferansen var: "Alle skal med - eller greier vi oss med grasrota og kjernefamilien?"
- v. Vi var til stades på Norsk kulturråd si jubileumskonferanse i Harstad. Det var eit godt program og ein fin møteplass.

**e. Særskilde satsingar**

- i. Rekruttering innan folkemusikk og folkedans
  1. Vi planlegg ein workshop i samarbeid med Sparebankstiftinga, for å kome fram til eit best mogleg prosjekt å søkte tilskot til. Den skal vere i 17. desember.
- ii. Folkedans
- iii. Formidling og informasjon
  1. Vinnarane av INTRO-folk er kåra; Odde & Holmen, vi er no i gong med å planlegge ei lanseringspakke for dei.
  2. Vi har hatt dialog med finske og svenske representantar i høve samarbeid om Folkelarm.

**c) Eventuelt**

*Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:*

- a) Rekneskapsrapport:
  - a. Kan laussalet av Folkemusikk aukast?
  - b. Vi bør vurdere eit online-rekneskapssystem
  - c. Billettstrukturen på Folkelarm bør vurderast
- b) Driftsrapport
  - a. Tove Leinslie var på jubileumsarrangement Ungdomslaget BUL Ervingen. Det var veldig bra. Ho helsa frå FolkOrg, og nytta høve til å verve medlemmer til FolkOrg på kvedarkurs
  - b. Thor Hauknes foreslo å ha ei Folkemusikkmesse i Sofienberg kirke i samband med Folkelarm-/Meisterkonserthelga i 2016.

- c) Eventuelt:
- a. Dagleg leiar orienterte om omorganiseringsprosessen i administrasjonen. Den er godt i gang, vi har hatt kompetansekartlegging og gjennomgang av oppgåver og ressursar. Vi legg opp til å arbeide meir i team. Styret ga AU fullmakt til å godkjenne endeleg modell, men det skal orienterast i styret.

### **Styresak 2015/63 Plan for arbeidet i styret i FolkOrg**

Vedtak:

Styret i FolkOrg drøfta arbeidsfordelinga mellom styret, AU og administrasjon i FolkOrg, og ønska mellom anna å gjere desse endringane:

- Meir tid til overordna og strategiske diskusjonar.
- Tilsettingar ut over dagleg leiar delegerast til tilsettingsutvalet. Tal på stillingsheimlar vert avgjort i styret.
- Administrasjonen får fullmakt til å godkjenne nye medlemslag, med mindre det er noko prinsipielt i saka.
- Orientering om Folkelarm vert fast eige punkt på orienteringar i 2016.
- Meir informasjon om arbeidet i arbeidsutvalet til styret.
- Styret skal ha større medvit om det er saker som kan delegerast til administrasjonen.
- Vi legg opp til eit styrekurs på første styremøte etter kvart landsmøte.

Endringane og tidlegare instruks takast med i eit samla dokument som skildrar ansvarsfordelinga i FolkOrg, årshjul for saker og andre moment som er relevant for styringa av FolkOrg. Dokumentet leggst fram for styret i styremøte 2016/01.

### **Styresak 2015/64 Retningslinjer for bruk av TONO-avtalen til FolkOrg**

Vedtak: FolkOrg si TONO-avtale kan nyttast i samband med arrangement av enkeltkonsertar, av mindre heilårsarrangørar knytt til nettverket for folkemusikkarrangørar og FolkOrg sine medlemslag, og ikkje festivalar eller større scener med fast statleg stønad. FolkOrg sine eigne arrangement som Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm går også inn under avtala.

**Styresak 2015/65 Frifond organisasjon – fordeling**

Vedtak: Forslaget til fordeling av Frifond organisasjon 2015 vart godkjent.

**Styresak 2015/66 Kriterium for utnemning av årets lokallag 2016**

Vedtak:

- a) Kriterium for årets lokallag 2016 er: Rekrutteringsarbeid og opplæring av barn og vaksne.
- b) FolkOrg dekker reise og ei overnatting for ein representant frå kvart av dei nominerte lokallaga.
- c) Vedlagte framtidsplan vart godkjent. Prisen vert delt ut på kurshelga 15.-17.april 2016

**Styresak 2015/67 Rapport og evaluering av Folkelarm 2015**

Det var ein førebels rapport som vart lagt fram, og arrangementet vart drøfta i møtet. Endeleg rapport skal vere ferdig 1.desember.

**Styresak 2015/68 Evaluering av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2015 (utsett frå sist møte)**

Vedtak: Rapporten takas til vitande.

**Styresak 2015/69 Revidering av tevlingsreglement**

Vedtak:

- a) Open klasse på Landsfestivalen blir ei fast ordning.
- b) På noverande tidspunkt gjerast det ingen endringar i kappleiksreglementet i høve bruk av stemmegaffel.
- c) Frå og med 2016 vert det utnemnt beste dansespelemann i halling på Landskappleiken.
- d) På noverande tidspunkt gjerast det ingen endringar i kappleiksreglementet i høve det å danse til same slått i kvalifisering og finale i halling.

**Styresak 2015/70 Rangering av resultat på LK og LF**

Vedtak:

- a) Det vert tre dommarar i D-klassa og vi freistar å få breiast mogleg kompetanse i dommarpanelet. Klassa dømmast under eitt.
- b) Vi gjer ei spørjeundersøking om vi skal gjere endring i rangering og poenggiving på Landskappleiken. Per Øyvind Tveiten, Thor Hauknes og Camilla Granlien er arbeidsgruppe saman med Ingrid Stuhaug, for å lage undersøkinga. Det vert tema til debatt under kurshelga i april.

**Styresak 2015/71 Felles poengskala på kappleikar og Landsfestivalen**

Vedtak: Problemstillinga om ein skal ha felles poengskala på kappleikar og Landsfestivalen, vert tatt med i spørjeundersøkinga nemnd i sak 70.

**Styresak 2015/72 Landsfestivalen 2016 – godkjenning av prisar, budsjett og program**

Vedtak:

- a) Forslag til påmeldingsavgift for 2016 vert godkjent.
- b) Forslaget til billettprisar frå LF2016 vert vedteke.
- c) Premiebudsjettet for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2016 vert godkjent.
- d) Forslaget til program for LF2016 vert vedteke.

**Styresak 2015/73 Landskappleiken 2016 – godkjenning av prisar, budsjett og program**

Vedtak:

- a) Framlegg til påmeldingsavgift på Landskappleiken 2016 er godkjent.
- b) Forslaget til billettprisar for 2016 vert godkjent.
- c) Forslaget til premiebudsjettet for LK2016 vert vedteke.
- d) Godkjenning av program utsettast til styremøte 2016/01

**Styresak 2015/74 Landsfestivalen i gammaldansmusikk er 30 år i 2016 – på kva måte markerar vi det?**

Vedtak:

- a) Folkemusikk nr 2/2016 vert eit temanummer for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 30 år og Landskappleiken 120 år
- b) Vi sjekkar ut høve for å etablere ei fotoutstilling, eventuelt med lyd- eller videoeksempel.

**Styresak 2015/75 Val av lokale arrangørar av LF og LK 2017 og 2018**

Vedtak

- a) Oppdal Spell- og dansarlag vert tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2017.
- b) Trysil-Knut Dans- og Spelemannslag vert tildelt Landskappleiken 2018
- c) Landskappleiken 2017 og Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2018 vert lyst ut på ny med frist 5.februar 2016.
- d) Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk bør arrangerast på faste veker, med mindre det er sær gode grunner til å gjere unntak.

**Styresak 2015/76 Patent på namna FolkOrg, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk – NM i gammaldansmusikk**

Vedtak: Vi søker om å få godkjent FolkOrg som varemerke.

**Styresak 2015/77 Møtekalender for styret våren 2016**

Vedtak:

Styremøte 2016/01 vert sett til 9.februar 2016

Styremøte 2016/02 vert sett til 16.mars 2016

Styremøte 2016/03 vert sett til 24.mai 2016

**Styresak 2015/78 Oppnemning av jury medlemmer til val av showcaser på Folkelarm**

Vedtak:

Juryen skal bestå av tre personar, det bør vere noko kontinuitet i juryen.  
Styringsgruppa for Folkelarm set saman juryen

**Styresak 2015/79    Eventuelt**